

## Meir informasjon?

For meir informasjon kan de kontakta

**Ingar Arnøy**, skulemålsskrivar i Noregs Mållag:

Telefon: 2247 7100

Mobil: 9752 9700

E-post: [ingar.arnoy@nm.no](mailto:ingar.arnoy@nm.no)

De kan òg kontakta fagfolk som er involverte i slike forsøk:

**Geir Grav**, rektor, Åndalsnes ungdomsskole

**Torill Tørjesen**, lektor, Holmlia skole

**Nils Fleten**, lektor, Askøy vgs

**Odd Monsson**, høgskulelektor, Høgskulen i Volda

**Stephen Walton**, professor, Høgskulen i Volda

**Helge Sandøy**, professor, Universitetet i Bergen

**Kjellrun Trohaug**, høgskulelektor, Høgskulen i Bodø

**Anne S. Norddal**, høgskulelektor, Høgskulen i Volda

Bærum kommune har laga ein ressursbase for sidemålsundervisning, med gode tips for lærarar. Du finn basen på vevsida deira:

<http://www.baerum.kommune.no/nynorsk/>



– Det er veldig positivt at sidemål tas inn i andre fag enn den vanlige norskundervisningen.

**Kjell Lars Berge,**  
Universitetet i Oslo

# POSITIVE SIDEMÅLSFORSSØK



*“Landsmøtet i Norsk Lærarlag oppmodar styresmaktene om å leggje til rette for forsøk som styrkjer undervisninga i sidemål.”*

**Norsk Lærarlag, 2001**

*“Noe må gjøres med sidemålsundervisningen. Bokmåselever bør bli mer utsatt for nynorsk enn bare å ha det som en del av norskfaget.”*

**Professor Stephen J. Walton,  
Dagsavisen 28.03.2004**

Fleire stader i landet, til dømes på Åndalsnes ungdomsskole, Holmlia skole (Oslo) og Tromsdalen vgs (Tromsø), vert det no drive forsøk for å betra sidemålsundervisninga. I tillegg til den vanlege sidemålsundervisninga i norskfaget, nyttar elevane på desse skulane sidemålet som arbeidsreiskap i eit anna fag. I det faget får elevane alt det skriftlege tilfanget, både lærebøker, tavleundervisning og prøver, på sidemålet. Røynsle med slike forsøk er så langt berre positive, og både lærarane og elevane er nøgde.

*“Klassene våre har til og med valgt læreboka i KRL-faget på nynorsk! Det er utrolig smart. Vi lærer KRL-faget samtidig som vi lærer mer nynorsk. To fag i ett! Vi lærer mange flere ord, vi leser mer nynorsk og skriver mer nynorsk. Klart vi blir flinkere. Læreren skriver oppgaver på nynorsk og bruker nynorsk på tavla.”*

**Elevar i 9c og 9d, Holmlia skole  
Dagsavisen 24. oktober**

Innhaldet i forsøket er svært enkelt: Språk og språklæring er mykje godt eit spørsmål om konvensjonar (vanar) og haldningar. Negative haldningar til nynorsk spesielt handlar i stor grad om traderte haldningar (frå foreldre, søsken, vener, media og i somme tilfelle lærarar), men desse haldningane stikk ikkje djupt og det skal lite til for endra på dei. Forsøket kunne såleis vera eit grunnlag for å vurdere om meir bruk av nynorsk utanfor norskfaget gjer nynorsk til eit normalt skriftleg uttrykksmiddel for elevane – slik bokmål er.

Ved å prøva ut dette forsøket vil ein sjå om det er råd å endra haldningar ved å endra språkvanane (konvensjonane): At haldningane til nynorsk kan vera eit resultat av alt for lite bruk av språket, det vil seia å oppleve nynorsk som eit bruksspråk.

*“Fylkestinget finn sidemålsforsøket interessant, og oppmodar skulane til å ta del i forsøket.”*

**Utdannings- og velferdskomiteen,  
Sør-Trøndelag 10.02.2004**

I ordskitte om sidemål blir det ofte hevda at sidemålsundervisninga tek mykje verdfull tid frå houvudmålsundervisninga. Røynsle frå elevar og lærarar er heller det stikk motsette.

## ***Dette skal til for å gjennomføra forsøket:***

1. Ein lærar som underviser i eit anna fag enn norsk, og som ynskjer å gjennomføra forsøket. Denne læraren lyt meistra nynorsk godt.
2. Samtykke frå elevane (på ungdomsskulen lyt foreldra òg godkjenna forsøket).
3. Innkjøp av eit klassesett med lærebøker på nynorsk i det aktuelle faget (dette gjeld i hovudsak ungdomsskulen).

## ***Dette går forsøket ut på:***

Å la elevane møta nynorsken fleire stader enn berre i norskfaget, ved å ha alt det skriftlege tilfanget i eit skulefag (t.d. historie, KRL, samfunnsfag e.l.) på nynorsk. Det vil seia at dei i det faget får lærebøker, tavleundervisning og prøver på nynorsk, og at dei i skriftlege innleveringar og liknande nyttar nynorsk som arbeidsspråk.

